

Leik med ord: Skrivekurs for mellomtrinnet

Gjennom møte med litteratur og ei skattekiste av historier blir elevane invitert til å leike med ord. Først som enkle kome- i-gang-skriveoppgåver der dei trekker ein lapp frå skattekista og prøver seg på styrtskrivning. Seinare jobbar vi i lag med utvikling av hovudperson, handling og dialog. Den som vil, får dele det dei har skrive med klassa.

Første time: ca 45 min

Presentasjon av forfattar og forfattarskap:

Forfattere har med seg skattekista til mormor frå mørkeloftet. Der er alle skattane frå krigen. Ein gammal nattkjole, ein ekte bombesplint og margarinøskja som er for skummel til å opne. Dette er inngang til opplesing frå boka «Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen (Samlaget, 2014) om 10 år gamle Dagny, som vaknar ein morgon og er i 2. verdskrigen.

Skriveoppgåve 1: Leit i di eiga skattekiste etter idear. Kom- i-gang-skriveoppgåver.

Andre time: ca 45 min

Bli kjend med hovudpersonen din.

Vi finn namna til to hovudpersonar, ein gut og ei jente. Og ser korleis ulike verb skaper ulik handling.

Skriveoppgåve 2: Skriv brev til deg sjølv frå hovudpersonen din.

Opplesing for dei som ønskjer det.

Tredje time: ca 45 min

Hovudperson + trøbbel = ei spennande historie.

Vi leikar fram ein dialog i fellesskap. Blir det ein krangel eller ei kjærleikserklæring?

Skriveoppgåve 3 : To og to samarbeider om å skrive ein dialog.

To og to framfører dialogen for klassa.

Jobbe vidare med skivinga.

Skriveoppgåve 4: Skriv ei historie basert på dei tidlegare oppgåvene

Om det ikkje blir tid til siste skriveoppgåve kan det jobbast vidare med den anten på skulen eller heime.

